



Skodje
kommune

Den gode bukommunen med
mangfald, utfordringar og trivsel.

Kulturminneplan for Skodje kommune 2015-2027

(Vedteken i kommunestyret 17.03.15, sak 15/15)

Skodje – Gomers kongesæte, med hans trauste kvilestad,
Fleire kjemper, djerve, mæte, her har stridt og sovna glad.
Her og der finst gamle minne, vitnar om deim utan ord,
Soga deira der vi finne, skrive inn i haug og jord.

-*Skodjesongen, skriven av Knut Ytreberg*



Fagerheim, Skodje. Fekk Godt vern-prisen i 2005.

«Kulturarven er vegviseren på vegen mot en ukjent framtid og referansepunktet til fortiden. Uten slike rettesnorer blir samfunnet svekket og smuldrer opp.»

Wangari Maathai, vinner av Nobels fredspris 2004

Innhald i planen

Del 1:

1. Føreord

2. Mål og rammer for planarbeidet

- 2.1. Innleiing
- 2.2. Føremål med lokal kulturminneplan
- 2.3. Informasjon og medverknad

3. Kulturminne og kulturhistorie i Skodje kommune

3.1. Skodje si kulturhistorie

- 3.1.1. Eldre steinalder (9000-3200 år før Kr)
- 3.1.2. Yngre steinalder (3200-1800 år før Kr)
- 3.1.3. Bronsealder (1800-500 år før Kr)
- 3.1.4. Jernalder (500 år før Kr – 1000 år etter Kr)
- 3.1.5. Mellomalder (1000 – 1537 etter Kr)
- 3.1.6. Nyare tid (1537 - i dag)

3.2. Tematisering av kulturhistoria

- 3.2.1. Bustader
- 3.2.2. Primærnæringar
- 3.2.3. Industri og handverk
- 3.2.4. Handel og service
- 3.2.5. Samferdsle og kommunikasjon
- 3.2.6. Kyrkja
- 3.2.7. Skule og opplæring
- 3.2.8. Frivilleg lagsverksemnd
- 3.2.9. Andre verdskrig
- 3.2.10. Byfolk på landet

3.3. Aktuelle kulturminne/kulturmiljø i Skodje kommune

- 3.3.1. Glomset
- 3.3.2. Håhjem
- 3.3.3. Valle
- 3.3.4. Svorta
- 3.3.5. Brusdal
- 3.3.6. Utvikbygda
- 3.3.7. Stette
- 3.3.8. Straumen
- 3.3.9. Engesetdal
- 3.3.10. Fylling
- 3.3.11. Skodje sentrum
- 3.4. Museum

Del 2:

4. Handlingsprogram for kulturminnearbeidet i Skodje 2015-2019

4.1. Hovudmål og resultatmål

4.2. Tiltak, generelle

- 4.2.1. Omsynssoner
- 4.2.2. Kart over kulturminna med koordinatar
- 4.2.3. Opprette dialog/kontakt med grunneigarar om kulturminne/-miljø i privat eige

4.2.4. Verdivurdering, kriterium for utval - kompetansebygging

4.3. Tiltak, enkeltobjekt

- 4.3.1. Dampskipskaia
- 4.3.2. Skodjebruene
- 4.3.3. Gamle Vågsbru
- 4.3.4. Kvelvingsbru, Glomset
- 4.3.5. Saghaugbrua
- 4.3.6. Hellebru, Gytta
- 4.3.7. Bru i Grindvika
- 4.3.8. Kyrkjestien Glomset-Svorta
- 4.3.9. Brustein, Fylling
- 4.3.10. Rodestone, Steinset
- 4.3.11. Stavset skule
- 4.3.12. Solnør Gaard
- 4.3.13. Gravrøys, Håhjem
- 4.3.14. Gomerrøysa
- 4.3.15. Kvennabakken husmannsplass

Del 3:

5. Oppslagsdel

- 5.1. Rammer - Lovverk som regulerer planarbeidet
- 5.2. Eksisterande register for kulturminne
- 5.3. Kulturminne som ikke er omfatta av planen
- 5.4. Sentrale aktørar i kulturminnevernet
- 5.5. Korleis verne?
- 5.6. Vernebegrep i lovverket
- 5.7. Verdsetting av kulturminne og kulturmiljø
- 5.8. Kjelder: Kvar finn vi skriven informasjon om fortida?
- 5.9. Oversikt over tema i Årsskrifta frå Skodje sogelag
- 5.10. Ord og omgrep



Hovudhuset på Solnør Gaard – Vedtaksfreda i 1924, nasjonal verdi

Del 1:

1. FØREORD

Kulturminnevernet starta historisk med å ta vare på gjenstandar og særeigne saker som kunne visast fram som attraksjonar.

I Skodje har det også gjennom tidene vore samla gjenstandar av ymse slag. Noke finst i privat eige, anna er overført til ulike museum. Men ikkje berre gjenstandar har vorte samla inn, også bygningar som var særeigne, vart samla inn og plasserte på ny stad, td Skodje-stova (frå Svorta) som i dag står på Sunnmøre museum.

Etter kvart har det vorte meir fokus på verdien av å ta vare på bygningar på opphaveleg stad, gjerne samlingar av bygg som syner samanheng fysisk og funksjonelt. Med omgrepet kulturmiljø fekk ein

og fokus på andre element som vegar, bruer, murar, landskap og liknande.



Frå den kulturpolitiske sysnstadene er det viktig å spegle mest mogleg av historia vår i det vi tek vare på som kulturminne.

Ikkje berre det særeigne og spesielle, men det skal vise alle sider av utviklinga av skodjesamfunnet.

Det er i samband med kulturminneplanen viktig å få sikre førstehands kjelder som gir oss dokumentasjon og forståing av korleis samfunnet har vakse fram. Dette er i samsvar med

Engeset skule – aktuelt kulturminne?

Riksantikvaren sitt prosjekt frå 2010 ”Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga», der målet er å skaffe betre oversikt, styrke samarbeidet mellom forvaltninganivåa og styrke den kommunale kompetansen på kulturminnefeltet.

Når vi starta arbeidet med kulturminneplanen, var det et rimeleg ambisiøst mål at denne skulle gi oss ei oversikt over alle kulturminne i Skodje.

Grunnlaget var SEFRÅK-registreringa frå 1977-1978. Det har vore gjort kontrollregistreringar i 2013 og 2014, for å sjå tilstanden til dei registrerte bygga frå før 1900. Det har i tillegg vore høve for alle å melde inn aktuelle objekt.

Det er umogeleg for oss å love at lista er komplett, men vi vonar at denne første kulturminneplanen skal vere ein dynamisk plan som både fangar opp nye objekt og som kan endre vurderingane av kva som til ei kvar tid skal ha lokal, regional og nasjonal verdi.

Rulleringar av planen med visse mellomrom er difor naudsynt og det må vere rom for å legge til og kanskje trekke frå. Det er gjennom vedteken handlingsplan vi gjennomfører planen. Planen vil bli lagt til grunn for anna kommunal planlegging.

Skodje 19. august 2014

Arbeidsgruppa

Kari Grindvik

Magne Fylling

Kari Kvernberg

2. Mål og rammer for planarbeidet

2.1. Innleiing

Kulturminne og kulturmiljø er spor vi menneske har sett etter oss, og kulturlandskap er alt landskap som er påverka av menneske. Gamle hus, gravhaugar og slåttenger er alle eksempel på dette. Dei kan fortelle oss om menneska sine liv gjennom tidene.

Å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er ei investering for framtida. Dei kan legge grunnlag for næringsutvikling, turisme og vekst for lokalsamfunn. Dei er viktige for folks livskvalitet og identitet, og bidrar til å skape attraktive byar og bygder.

I dag er kulturlandskapet trua av gjengroing eller utbygging. Dette har ført til at kulturpåverka naturtyper er i sterk tilbakegang i mange område, samtidig som andre område er overbeita. Mindre hogst og slått og endring i husdyrbeite langs skoggrensa, har ført til gjengroing av kulturlandskapet.

Det er viktig at vi har eit bevisst forhold til kva kulturminne og kulturlandskap vi ønsker å ta vare på for etterkomarane våre.

Stortinget har vedtatt at det er eit nasjonalt mål å ta vare på eit representativt utval av kulturminne, og redusere det årlege tapet av kulturminne og kulturmiljø. I tillegg skal artar og naturtypar i kulturlandskapet takast vare på. Alle som er med i plan- og utviklingsprosessar, skal ta omsyn til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Dei nasjonale resultatområda, måla og indikatorane er det gjort greie for i Prop. 1 S (2013–2014). Proposition til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) frå Klima- og miljødepartementet.

1

Tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal minimerast. Innan 2020 skal det ligge føre oversikt over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.

2

Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

3

Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.



Gravrøys på Håhjem – automatisk freda

4

Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

5

Mangfaldet av naturtypar i kulturlandskapet skal takast vare på eller gjenopprettast innan 2020. Som ein del av dette skal det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester sikrast.

6

Eit representativt utval av naturtypane i kulturlandskap skal vernast for kommande generasjonar, og verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast eller gjenopprettast.

7

Areal brukt til landbruk skal vere berekraftig forvalta innan 2020.

2.2. Føremål med lokal kulturminneplan

Hovudmål

Målet med lokal kulturminneplan er å auke kunnskapen om og bevisstgjeringa av lokale kulturminne i Skodje, og etablere grunnlag for god kulturminneforvaltning.

Dette skal oppnåast ved å:

- Gjennomføre registrering av faste kulturminne.
- Foreta verdivurdering av registrerte objekt.
- Utarbeide forvaltningsplan/handlingsplan for lokale kulturminne.

Delmål

- Synleggjere verdien av lokale kulturminne, og auke kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og av private.
- Ta vare på viktige kulturhistoriske verdiar og sjå dei som ein ressurs.
- Leggje til rette for vern gjennom bruk.
- Etablere samarbeid med fylkeskommune og stat for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi.

2.3. Informasjon og medverknad

Kommunen er ansvarleg for varsling, offentleg høyring og ettersyn av plansaker.

I den nye Plan- og bygningslova er det lagt større vekt på medverknad for å få med fleire interessentar i planarbeidet.

Skodje kommune skal i 2014/15 rullere kommuneplanen. I vedteke planprogram blir det gitt føringar både for samfunnsdel og arealdel. Arbeid med kulturminneplan er nemt særskilt i pkt 2.5. Føringar for arealdelen har kultur og naturverdiar som eitt av 8 fokusområde.

Regulering til omsynssone bevaring kan etter plan- og bygningslova brukast for å verne objekt og område som er verdfulle i eit lokalt og regionalt perspektiv.

Kommunene er reguleringsmyndighet. Overordna planbestemmelser om bevaring i kommunens arealplanlegging skal vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd boktav c) og § 11-9 nummer 7 (kommuneplanens arealdel). For den særskilte reguleringsplan med omsynssone bevaring er lovheimlane i plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nummer 5 og § 12-7 nummer 6.

Våren 2013 blei det utareidd planprogram for kulturminneplanarbeidet.

I sak 22/13, møtedato 21.05.13, gjorde Skodje kommunestyre slikt vedtak:

«*Skodje kommunestyre vedtek å starte arbeidet med Kulturminneplan for Skodje slik det går fram av "Planprogram for Kulturminneplan i Skodje kommune" dat. 29.04.13.*»

Arbeidsprosessen var planlagt slik:

Tid	Kva	Ansvar
Vår 2013	Utarbeiding av planprogram Førebuing av registreringsarbeid	Arbeidsgruppe
07.05.13/21.05.13	Vedtak om oppstart	F.skap/k.styre
Før 1. juni	Møte i ressursgruppe	Arbeidsgruppe
Før 15. juni	Opplæring av registreringsmedarbeidarar	Arbeidsgruppe
Frå juni 2013	Registrering i felt	Prosjektleiar/frivillige
Jan 2014	Avslutte registrering	
Jan-mars 2014	Utarbeiding av plandokument	Arbeidsgruppe
Våren 2014	Plan til høyring og godkjenning	F.skap
Våren 2014	Fullført plan vedtatt	Kommunestyre

Kommunen inviterte til ope møte om kulturminneplanarbeidet våren 2013. Innbyggjarane blei også varsle om planarbeidet og oppdatering av SEFRAK-registeret gjennom informasjon i lokalpresse og på kommunen si heimeside. Som del av den informasjonen gjekk det også ut ei allmenn oppmoding om å ta del i registreringsarbeidet.

Denne oppmodinga blei gjentatt under tre kulturminnevandringar i september 2013; på Glomset, Stette og i Skodje sentrum.

Arbeidsgruppa ønskjer å legge eit høyringsutkast til kulturminneplan fram til politisk behandling i september 2014, med god høyringsfrist. I høringsfasen vil det bli invitert til grendemøte, der innbyggjarane kan kome med innspel og råd i det vidare arbeid med kva kulturminne vi må prioritere å ta vare på.

Så kan ein justert kulturminneplan leggast fram for endeleg politisk vedtak på nyåret 2015, og vere eit nyttig og gjennomarbeidd grunnlag ved utarbeiding av ny arealplan for Skodje kommune.

Arbeidsgruppa meiner at eit avgjerande kriterium ved val av lokale kulturminne som det skal brukast tid og ressursar på, er innstillinga til eigarane. Å ta vare på lokale kulturminne for framtida bør skje i positivt samarbeid mellom eigarane og offentlege instansar. I nokre høve vil vonleg frivillege lag, andre private og kommersielle interesser også ønske å bidra i dette samarbeidet.

3. Kulturminne og kulturhistorie i Skodje kommune

3.1. Skodje si kulturhistorie

Opphavet til namnet Skodje er ikkje eintydig avklart. I Bygdebok for Skodje (L. Fylling. 1961) blir det halde fram at namnet har vore skrive både Skaue, Skoue og Skodje, men i folkemålet lyder det Skøye. Hans Strøm held på at det skriv seg beint fram frå skog. Oluf Rygh trur det er eit gammalt vin-namn, Skodvin, som sidan har blitt avslipt. Det er også dei som meiner namnet kjem av å skode (å sjå), ein stad med fritt utsyn.

Hans Strøm skriv i verket «Beskrivelser over Fogderiet Søndmør», utgitt 1766, s 96, band 2 m.a. følgjande om Skodje:

«Skodje er det største Annex under Borgund, og tillige det smukkeste Sted i Kaldet, etterdi Biergene falde her ikke meget høie, og ere desuden prydede med deilig Fyrre-Skov, som udgjør Sognets fremste Herlighet».

Landskapet er forma ved bruk gjennom fleire tusen år.

Busetjinga starta ved fjorden og etterkvart blei flater og lier dyrka, skogen nytta på ulike måtar og og fjellet til beite og jakt.

Gravrøysane finn ein i Skodje på nesa nede ved fjorden, busettingane litt lenger oppe på flatene. Stølane er lokaliserte lenger oppe i utmarka.

Kommunikasjonane gjekk først frå fjorden og oppover til flatane, i meir moderne tid kom vegen som gjekk langsetter, svært synleg ved Korsvegen.

Kystlinna, og særleg om ein inkluderer Engesetdalsvatnet og Brusdalsvatnet, er utruleg lang. Tre fjordarmar inngår i kommunen.

Skodje skil seg ut blant kommunane i Møre og Romsdal, med så mykje sjø utan å vere ein øykommune ut mot havet, og med småskala landskap som ikkje er det same som inne i fjordkommunane.

3.1.1. Eldre steinalder (9000-3200 år før Kr)

Skodje blei isfri for vel 10000 år sidan. Menneska inntok raskt regionen og livnærte seg av jakt og fangst. For folk som levde slik, måtte her vere ein ideell stad å bu.

3.1.2. Yngre steinalder (3200-1800 år før Kr)

I denne perioden blei folk bufaste og starta med jordbruk.

I topografisk-statistisk beskrivelse over Romsdals Amt, utgitt «etter offentlig foranstaltning» ved Amund Helland i 1909, går det fram at det er kjent to steinalderfunn i Skodje. Det er ei steinøks utan skaftehol frå Digernes, og ein slipestein av sandstein frå Fylling. På Solnør har vi eit område det er påvist har vore busetnad i steinalderen.

3.1.3. Bronsealder (1800-500 år før Kr)

Bronsealderen begynte då menneska lærte å lage bronsegjenstandar, mest smykke.

Bronse er ei legering som består av ca. 90 % kopar og 10 % tinn. Den var svært kostbar, og dei fleste brukte derfor framleis ei mengde stein- og træreiskapar heilt fram til jernalderen.

I følgje Helland (1909) er det ikkje gjort funn av bronsegjenstandar i Skodje frå denne tida. Derimot har gravskikken i perioden sett tydelege spor i landskapet med store gravrøyser på bergryggjar og nes. Gomer, som vi reknar for å vere første bygdehøvdingen i Skodje, ligg gravlagd under ei gravrøys på neset i Vikane (insti Murvika) i Skodje sentrum.

3.1.4. Jernalder (500 år før Kr – 1000 år etter Kr)

Denne kulturepoken blir rekna frå då jernet begynte å bli brukt i reiskaper og våpen, og fram til skriftlege kjelder (og ikke berre arkeologisk materiale) blir vesentlege kjelder for det vi veit om korleis folk levde.

I Amund Helland si oppteikning frå 1909, er m.a. desse jernalderfunna tekne med:

Ytre Skodje: Fire-fem leirkar, nokre klinknaglar, lerbelte, spikrar og jernfragment. I tillegg sverd, spyd og øksar.

Leite: gravkammer og skår av leirkar, 58 glasperler, eit snellehjul av kleber og ein beltestein.

Store Engeset: Ein beltestein og eit kvartsbryne.

Nedre Skodje: Eit fiskesøkkje av stein.

Registrerte oldtidsfunn er lokalisert ved Bergens museum.

3.1.5. Mellomalder (1000 – 1537 etter Kr)

Noreg blei samla til eitt rike og vi fekk ei fastare styreform. Nært Skodje i vest blei kaupangen Borgund etablert; eit senter for religion og handel.

Skodinar kirkja var det gamle namnet på Skodje si hovudkyrkje. Skodje kyrkje blir nemnt i Aslak Bolts jordebok i 1432 og i 1494, og i Trondhjems reformats 1589. Soknet blei allereie i 1432 kalla for Skodynars kirkjusokn.

Eit segn fortel at i den tida då kyrkja stod på Leite, omkom eit heilt brudefølgje frå garden Eikrol på tilbaketur over isen ved søre Korsnes. Det blei sett opp trekors på neset, derav namnet Korsnes.

Eitt forhold som prega denne perioden, var svartedauden (1349-50). Denne pesten tok livet av minst halvparten av befolkninga, kanskje så mykje som 2/3 på landsbasis. Mange gardar og busetningar blei lagt øyde.

For å unngå svartedauden flykta fleire til fjells, og etter segnet blei det oppført ei kyrkje i Brune på Fylling. Det heitest at kapellet i Brune heldt gudsteneste ein gong om året, i fasten, og då strøynde folk dit, også av folk utafor soknet. Til andre tider valfarta sjuke og krøplingar hit for å finne helsebot, for brunekyrkja stod høgt i ry for sin heilagdom.

3.1.6. Nyare tid (1537-1970)

I Bygdebok for Skodje – Gard og slekt – står det i innleiinga s 9: «Av skattelista 1520-21 (tiprosentskatten) ser ein at Skodje var tynt folkesett. Åtte gardar er nemnde ved dette høvet. Fanst det ikkje fleire gardar i drift på den tid? Det som gjer at ein festar seg ved dette spørsmålet, er at vi veit at både Mørkeset, Fylling og Storsæter var innlemma i domkyrkjegodset i 1432-49. Mogleg at dei nemnde gardane har vore mellombels fråflytta og etterpå tekne i bruk att.»

Utetter 1600-talet voks talet på gardar.



Dampskipskaia, Wilhelmkaia – regional verdi

I 1851 kom «Lov om kirker og kirkegaard» som ga påbod om at det måtte vere plass til 3/10 av soknet sine innbyggjarar i kyrkje. Nye Skodje kyrkje stod ferdig i 1860.

Skulelova frå 1860 gav påbod om fast skule. Mange små greneskular blei bygt fram mot hundreårsskiftet, og Skodje var tidleg ute med å kvitte seg med all omgangsskule.

Frå slutten av 1800-talet og utover på 1900-talet vaks fram ulike frivillege organisasjonar med utgangspunkt i rørsler som fråhaldssak, målsak, misjon og ungdom. Mange bygde hus for samkoma sine.

Bygdene i Skodje var kjende for produksjonen av trekjørel. Mange var dyktige snikkarar, steinmurrarar og smedar.

Utover på 1900-talet kom det til industri, med vekt på produksjon av møblar.

Mange «byfolk» begynte i denne perioden å søke til landet for rekreasjon.

Eit anna tilhøve som pregar mange menneske den dag i dag, er andre verdskrig 1940-45.

3.2. Tematisering av kulturhistoria

3.2.1. Bustader

Korleis har folk budd?

Dei første busetjarane slo seg truleg til langs sjø-strender og vass-strender. Båt som framkomstmiddel og fisk til mat er naturleg forklaring på det.

Av automatiske freda kulturminne (frå før 1537) finst fleire gravrøyser og område på Solnør der det har vore steinalderbusetnad.

Hans Strøm (1766) kan opplyse om at i 1739 budde 863 menneske i Skodje, og 834 i 1757.

I bygdene er jord- og skogbruk saman med fiske ute på øyane og i Borgundfjorden viktigaste levevegane gjennom mange hundre år.

På 1800-talet skaut det fart i samferdselsutbygging. Sjøen blei nytta når ein skulle langt, men elles gjekk folk gardimellom. Etter kvart blei ræser utbygt til ride- og køyrevegar. Bruer måtte byggast over elvar og sund, og Skodje har døme på bruver med ulik byggjemåte til ulike tidsepokar.

På 1890-talet blei det skipa lutlag for å få i gong dampbåtrute Skodje-Ålesund, og «Ternen» var i mange år eit kjært innslag i kvardagslivet.

Elles vil ruinar saman med skrivne kjelder fortelje kvar det har vore busetnad, og attståande hus og bygningar vil fortelje om byggeskikk og levemåte.

Eit særmerke for Skodje er Solnør. Hovudbygningen blei vedtaksfreda så tidleg som i 1924, og har status som kulturminne av nasjonal verdi. Solnør har stor kulturhistorisk verdi, både med kulturlandskap og bygningar, men også folket som har levd og virka der. Ivar Aasen var huslærar frå 1835-42. Det er også rimeleg å tru at Henrik Ibsen henta inspirasjon til Rosmersholm på Solnør.

Eitt viktig forhold å nemne er den store utskiftinga som skjedde på 1860-talet. Fram til då hadde folk på Vestlandet budd i klyngetun, men vart spreidde slik vi ser bygdene no. Siste 50-60 åra har vi fått ny konsentrasjon av bustader i byggefelt også på bygdene.

Bygdemiljø/bygdesentrums

Før jordskiftet på 1860-talet var sentrum i Skodje ved kyrkja, til og med bytehandel som del av naturalhushaldet gjekk føre seg der.

Skodje kyrkje blir nemnt i Aslak Bolts jordebok i 1432. Ein mellomalderveg seinast frå 1400-talet, kanskje før, har gått frå sjøen til dagens kyrkjested.

Vegen frå Dragsundet via Skodje sentrum om Fylling og Engesetdalen til Vadset, Tennfjord og Eidsvik, blei etablert i 1852-56.

Siste arm på korset kom i 1877 då veg frå Korsvegen og nordvestover til Straumen og Stette blei bygd.

På slutten av 1800-talet blei det starta butikkar i Korsvegområdet, med utvikling i tal og mangfold dei neste 100 åra. Siste 20-30 åra har tal butikkar og verksemder blitt kraftig redusert.

3.2.2. Primærmæringar

Primærnæringane har historisk vore grunnlaget for busetnad i alle delar av Skodje kommune. Kombinasjon av jordbruk, skogbruk, fiske og fangst har gitt rimeleg gode levekår.

Jordbruk

Det var lite innovasjon og utvikling i jordbruksmåten frå vikingetida til langt ut på 1800 talet. Det blir grunngjeve med naturalhushald og faktisk at folk budde i klyngetun. I slike tette bumiljø skulle ein helst korkje vere først eller sist, og prøve ut nye måtar å gjere arbeid på, var ikkje enkelt. Utskiftinga skapte større avstand, og pengehushaldet gjorde spesialisering mogleg. Til langt ut på 1900-talet var det lite dyrking på myrar og vassjuk jord. Men med kunnskap om grøfting og gode gravemaskinar kom gode jordbruksareal til. I dag ser vi press på dyrkamarka til andre føremål, særleg i sentrum.

Utvida gardstun

Enkeltståande våningshus, driftsbygningar og uthus kan ha sin verdi enkeltvis, men størst kulturhistorisk verdi har dei om dei kan inngå som eit heilskafeleg kulturmiljø. Eit bruk som har intakt alt frå naust ved sjø (eller innsjø), våningshus, driftsbygningar, uthus, sommarfjøs, sætrehus og høyløe ville ha stor kulturhistorisk verdi. Det kan nok vere vanskeleg å finne i dag, men kanskje kan vi finne døme på dei ulike bygningane dersom vi ser kommunen under eitt?

Sætremiljø

I Skodje har vi mange sætrar det var drift på til ut på 1950-talet, nokre også lenger enn det. Mange sel er rimeleg godt tekne vare på fordi dei blir brukt til fritidshus.

Faktum er at mange nedlagde setrar er attraktive turmål. Det er rimeleg å anta at folk legg turen til setrane fordi det gjerne er godt opparbeidde vegar/ræser. Men dei hyppige besøka kan like gjerne vere fordi ein får oppleve eit lite endra kulturmiljø som tydeleg fortel om liv og strev berre for nokre tiår sidan.



Haugstølen på Fylling

Setrar eller spor av setrar har vi i heile kommunen. Setrane betyr i dag fysisk aktivitet (vonleg så går folk for å kome seg dit), stillheit og historisk dokumentasjon, alt gode folkehelsverdiar.

I 1995 starta Skodje ungdomsskule v/Bjørn Nedreskodje elevbedrifta «Seterdrift i Skodje». Det synlege resultatet blei eit hefte om setredrift, eit godt utgangspunkt for den som vil gjere seg kjent med kva setrar som er/har vore i kommunen.

Skogbruk

Det er mykje skog i Skodje, og på 1500-talet blei skogen handelsvare.

Hollendertida er langs kysten i Noreg namn på perioden frå omkring 1500 til 1750.

Nederland blei på 1500- og 1600-talet den leiande skipsbyggarnasjonen på det europeiske kontinentet. Det var nødvendig med tilgang på store mengde tømmer av god kvalitet; for å lage skipsplankar var det trong om lange, rette tre med nok spenst til å kunne bøyast og nok styrke til å tolle hardt ver. Nederland var fattig på eigna skog, mens Noreg hadde store mengde tømmer som kunne kjøpast til ein rimeleg pris.

Allereie tidleg på 1600-talet blei det bygt flaumsager, og det gjekk så hardt ut over skogen at det i 1632 kom ei kongleg forordning for å rive sagene, og handsaging blei einaste måten.

Handsaging blei faktisk praktisert heilt til 1865, då Ole Ivar Holmøy-Skodje bygde første sirkelsaga. Smitteeffekta var stor, allereie i 1868 var det 8 liknande sager.

I ytre strok på Sunnmøre fortel fleire at husa deira er flytta frå Skodje. Truleg er husa bygd i Skodje, men ikkje vore i bruk før dei blei sett opp der dei no står.

Denne ferdighusproduksjonen, dvs plass for tømring og oppsett av laftahus, kjenner vi m.a. frå Flåte/Svorta, Digerneset, Glomset og Innvika.

Med skogen til grunnlag blei det også produsert mange tønner. I tillegg blei det laga så mange trekasser i Skodje at bygda fekk tilnamnet «kassebygda».

Sag på Heggebakk er foreslått til kulturminne av nasjonal verdi.



Heggebakksaga – vurdert til nasjonal verdi

Fiske og fangst

Fiske var ei viktig attåtnæringer i Skodje. Fiske i fjord og innsjø blei brukt som matauk. Det var etablert fleire notlag som tok ut når silda kom inn.

Elles var det mange som for heimafrå på vinterfiske. Nokre reiste til Ålesund og hyrte seg som rorskabar. Andre hadde vogn og niste og kunne vere sjølvfostringar og hyre seg som lytamann, dvs få sin del av fangsten. Atter andre var komne så langt dei hadde del i ein åttring som dei tok ut med til vinterfisket.

Naustmiljø

Dei fleste gardar hadde naust; gardane på Fylling har naustrettar ved Skodjevika, og Engesetdalingane i Tønnfjorden.

På Stette er det bevart ei rekkje med grindnaust.



Naustrekke på Stette – regional verdi

3.2.3. Industri og handverk

Under naturalhushaldet blei det meste laga heime på garden. Nokre produkt var likevel så avanserte at det var behov for å bytte til seg varene, eller få hjelp av særskilt nevenyttige menn og kvinner. Dette var handverkarar, t.d. smedar, skomakarar og blikkenslagarar.

Noko handverk gjekk over til industri allereie på 1800-talet.

Industri er ei form for økonomisk verksemd som er kjenneteikna av at

- Råvarer vert omskapte til ferdige produkt.
- Produksjonen går føre seg i stor skala og ved hjelp av maskiner og kraft utanfrå.
- Det blir produsert varer i store mengde

I Noreg har det vore forelda trevirke i sagbruk i fleire hundreår, men dette blir ikkje rekna som eigentleg industri. Den norske industrialiseringa tok til så smått i 1815, heldt fram på 1840-talet, med etableringa av spinneri og veveri som nyttar mekanisk kraftoverføring frå elvar og fossefall.

I Skodje fekk vi smørmeieri i Engesetdalen på 1890-talet, med drift i 25 år fram til 1919. Huset blei selt til skomakar Hatlevik på Skodje.

Med skogen til grunnlag blei det etter kvart sett i gong kipring, eller tønnemaking. I tillegg blei det laga så mange trekasser i Skodje at bygda fekk



Stettesmia – regional verdi

tilnamnet «kassebygda». Utover på 1900-talet kom det fabrikkar som med sine maskinar grov grunnen bort under denne viktige heimeindustrien.

Skodje er elles kjend for møbelindustri, og etter kvart også plast – og mekanisk industri. Den såkalla «Stettesmia», oppstarta rundt 1930, er forløparen til dagens storbedrift Stette.

3.2.4. Handel og service

Før jordskiftet på 1860-talet var sentrum i Skodje ved kyrkja, til og med bytanhendel som del av naturalhushaldet gjekk føre seg der.

Men allereie på slutten av 1800-talet blei det starta butikkar i nærliken, og sakte, men sikkert blei Korsvegmiljøet bygt opp.

Lars P. Fylling starta landhandel i 1881, det blei starta bakeri i Vågene-huset på slutten av 1880-talet, og Johannes Vadset starta landhandel i 1892.

Første dampskipsruta tok til i 1894, med drift til 1927.



Korsvegen – regional verdi

På gnr 21/84 (Appely) blei det bygt hus tidleg på 1900-talet. Her blei det drive hotellverksemd, og Martinus Hatlevik hadde skomakerverkstad til han bygde eige hus. På gnr 21/45 bygde Hans og Nils Eriksen i same epoke hus i lag. Nils dreiv skomakarverksemd, og Hans mekanisk verkstad. Etter kvart skifta hus eigarar, nokre verksemder blei nedlagt og andre kom til. Ser vi tilbake 100 år har det i Korsvegområdet vore fleire daglegvarebutikkar, baker, kafe, skomakar, manufaktur, blomsterbutikk, sportsforretning, drosjeverksemd og fleire hotell.

I sogelaget sitt årsskrift frå 1981 skriv Amund J. Midlid ganske utførleg om dette.

3.2.5. Samferdsle og kommunikasjon

Heilt fram til midten av 1800-talet gjekk folk gardimellom, og nokre stader var det rideveg. Var det behov for å frakte varer over lengre avstandar, blei fjordar og innsjø nytta.

Etter kvart kom det ønske og krav om opparbeiding av køyreveg på landjorda.

Den første strekninga som blei bygt ut, var vegsamband mellom Dragsundet og Tennfjorden, via Skodje, Fylling og Engesetdalen. Utbygginga skjedde på 1850-talet.



Brustein på Fylling – dokumentasjon på når vegen blei bygt



Storstraumen bru - vedtaksfreda

Det er ikkje utan grunn at kommunevåpenet til Skodje er ei bru. Skodjebruene, opna i 1922 var eit gigantprosjekt i lokal målestokk, og før det var det bygt ulike bruer med ulik byggjemåte. Fleire av desse er i bruk og kan dokumentere samferdslehistorie. Tunnelen som del av skodjebruene seiest å vere den første i Møre og Romsdal. Berre tunnelar til jernbana (Raumabana) kom før.

3.2.6. Kyrkja

Skodinar kirkja var det gamle namnet på Skodje si hovudkyrkje. Skodje kyrkje blir nemnt i Aslak Bolts jordebok i 1432 og i 1494, og i Trondhjems reformats 1589. Soknet blei allereie i 1432 kalla for Skodynars kirkjusokn.

I følgje Strøm seiest det at første soknekyrkja stod på Leite, men at den blei flytta til Skodje. Og det må ha skjedd før 1432, fordi kyrkja på Skodje blir nemnt allereie då.

Segnet fortel at dei som budde på Ytre Skodje ønska at Horghaugen skulle bli kyrkjeplass og kyrkjegard på Skodje. Grunngjevinga var at den då blei liggande tett til fleire gardar, og at forfedrene hadde brukt haugen til heilage handlingar. Dei soknefolka som døydde mens bygginga av kyrkja pågjekk, skulle gravleggast i haugen.



Skodje kyrkje – listeført

Men engesetdalingane var usamde i plasseringa. Dei ville ha kortare veg, og foreslo den plasseringa kyrkja har i dag. Dei argumenterte også med at det ikkje var tilrådeleg å gravlegge kristne menn i jorda der dei hedenske forferdene hadde halde blot.

Engesetdalingane flytta tømmeret om natta, og kyrkja blei bygd der. Oppfatninga frå folk elles var at det var skjedd etter ei høgare avgjerd.

Eit anna segn fortel at i den tida då kyrkja stod på Leite, omkom eit heilt brudefølge frå garden Eikrol på tilbaketur over isen ved søre Korsnes. Det blei sett opp trekors på neset, derav namnet Korsnes.

Skodje kyrkje var i 1665 ei kors- og stavkyrkje, som blei riven rundt 1750. Soknet bygde då ei tømmerkorskyrkje med spir.

I 1851 kom «Lov om kirker og kirkegaarde» som ga påbod om at det måtte vere plass til 3/10 av soknet sine innbyggjarar i kyrkja. Nye Skodje kyrkje stod ferdig i 1860.

3.2.7. Skule og opplæring

Skulelova frå 1827 tok sikte på å få til ein fastare skule med betre utdanna lærarar. Ambisjonen var å få på plass minst ein fast skule i kvart prestegjeld, seinare kvart sokn, med eige skulehus.

Skulelova frå 1860 førde fleire fag inn i skulen, både historie, geografi og naturfag. Skulelova av 1889 slo fast at barneskulen skal vere ein grunnskule for heile folket.

Bygging av skular skaut etter kvart fart. Skulehuset i Skodje sentrum stod ferdig i 1872.

Tidleg på 1880-talet starta ei imponerande desentralisert skuleutbygging. Svorta skule stod ferdig i 1884. Denne skulen blei kopiert i fleire grender. Så kom Glomset (1887), Stette (1888), og Innvik (1888), Engeset (1888) og Fylling (1889). Stavset (1891) og Brusdal (1893) følgde så, med Mørkeset skule som den siste i 1922. Desse gamle skulane har lidd ulik skjebne. Tre er overdregne i privat eige (Svorta, Mørkeset og Brusdal) og tre er eigd av bygdefolket i grenda (Fylling, Glomset og Stavset), med Stavsetskulen som den mest autentiske, både utan- og innandørs. Glomset skule blei påbygd tidleg på 1950-talet. Innvik, Stette, Skodje og Engeset skule frå denne epoken er rivne.

Tømmeret frå Engeset skule blei brukt til bustadhus for Martin Skodjereite m.fam. (eigar no: Harald Skodjereite). Tømmeret til gutekolonien på Skodje er brukt til speidarhytte på fjellet i Engesetdalen.

Ny runde med skulebygg kom i åra 1955-1960, då både Skodje sentrum, Valle/Svorta og Engesetdal fekk nye og monaleg større bygg. Engeset skule er overdrege til bygdelaget, og er den einaste som står att av desse tre skulane.

Stavset skule – regional verdi



Skodje ungdomsskule blei bygt tidleg på 1970-talet. Brusdal (1980), Stette (1982) og Valle (1982) fekk også nye barneskulebygg. Skodje barneskule fekk nye lokale i 1996 sørvest for ungdomsskulen. Siste skuleprosjekt er påbygg og modernisering av Valle skule, ferdig 2013.

Frå 1872-74 var det Folkehøgsskule i Olivergarden.

På 1960-talet var det hagebrukskule på Skodje, og rundt 1970 også handelsskule i Ramstadbygget.

3.2.8. Frivilleg lagsverksemd

Alt i 1870-åra tok kyrkjesongar Ludvik Flåte til med songkor. Johan Slyngstad skipa Skodje blandakor i 1894.

Skodje skyttarlag blei skipa i 1881. Seinare kom Engesetdal skyttarlag (1904), Utvikbygda skyttarlag (1913) og Svorta skyttarlag (1950). I dag har vi eitt veldrive skyttarlag; Engesetdal og Skodje skyttarlag.

IOGT-losje «Gomer» blei skipa i i 1907, men blei fasa ut på 1920-talet.

Skodje ungdomslag blei danna i 1899, og lagshuset Fagerheim stod ferdig i 1927. Etter god innsats på bygget etter tusenårsskiftet fekk ungdomslaget/ Fagerheim godt vernprisen i 2005. Engesetal og Fylling ungdomslag blei skipa i 1895, og i 1931 kunne laget ta i bruk lagshuset Dølahall. Dølahall er no i privat eige. Det har også vore ungdomslag i Utvikbygda (1895), på Glomset (1918) og i Stettebygda (1922). I dag er det berre Skodje Frilynde ungdomslag som har aktivitet og drift.



Glomset skule – no grendehus

Men mykje anna frivilleg lagsverksemnd har kome til.

Kristlege organisasjonar har stått sterkt i kommunen vår, og fleire grender har sine eigne bedehus. Det gjeld både Glomset, Valle, Engesetal og Skodje sentrum.

Bedehuset på Glomset blei bygt på Aure i Sykkylven i 1892, men flytta til Glomset rundt 1960 og teke formelt i bruk i 1964.

I sentrum blei første bedehuset bygt i 1907, medan noverande hus teke i bruk i 1973.

Songkor, musikklag, barneforeiningar, ikkje minst idrettslag har vakse fram i dei ulike grendene, og vi kan i dag telje ein plass mellom 30 og 40 godt oppegåande frivillege lag og organisasjonar i Skodje kommune. Mange nyttar kommunale bygg til aktiviteten sin, men rundt 10 har eigne lagshus med mykje «kultur» i veggane. Bedehusa og ungdomshuset er nemnt. Av andre store lagshus der laga sjølv har stått for bygging og drift, må nemnast klubbhuset til Skodje IL, grendehuset i Utvikbygda, skyttarhuset i Engesetal og grendehusdelen ved Stette skule.

Louis Giske har skrive historia til Engesetal og Skodje skyttarlag i boka «Frå Straumsdalen til Jyslmyra». Han har også skrive «Idrettshistorie for Skodje kommune», utgitt 1990.

3.2.9. Andre verdskrig

Då landet vårt blei angripe 9. april 1940, mobiliserte nordmenn på mange område.

Nokre blei kalla inn i forsvarsstyrkane, andre var i heimestyrkane.

Nokre var i aktiv krigføring og sabotasjeaksjonar. Andre ytte passiv motstand ved ikkje å følgje opp pålegg og forordningar frå okkupasjonsmakta.

Med svært få unntak stod folket samla, klar til å kjempe for dei verdiane som hadde festa seg etter 125 år med Grunnlova av 1814 - fridom, sjølvstende, likeverd og demokrati.

Mange gjekk inn i kampen vel vitande om at det var med livet som innsats. Helge Qvale fall i kamphandlingar i 1940.

Vilhelm Pedersen omkom då båten han var maskinist på, blei rend i senk i 1943. Ivar Strand blei sjuk og døydde under aksjonar i Gudbrandsdalen i 1940.



Minnestein ved skyttarhuset



Nazismen fekk ikkje grobotn i Noreg, okkupasjonsmakta blei slått tilbake, og den konstitusjonelle utviklinga fekk ikkje noko tilbakeslag i autoritær lei.

Rundt hovudvegen i Dragsundet anla den tyske okkupasjonsmakta ei rekkje skytestillingar. Stillingane – 25 i alt – ligg i ei hesteskoform frå Sundsbakken – Hølsbøen – Trollkyrkja. Fleire av skytestillingane er intakte. (Kjelde: Jan Olav Flatmark «Sunnmøre i festung Norwegen»).

I fleire av sogelaget sine årsskrift er det skrive om hendingar og minne frå krigen.

Det er vidare minnesteinar over falne både ved Skodje kyrkje, ved skyttarhuset i Engesetdalen og på Solnør Gaard. Ved Jentekolonien er det reist bauta over lokal motstandsmann, Herluf Nygård.

Bauta over Herluf Nygård, Tusenårsparken

3.2.10. Byfolk på landet

Årsskrift 1997 frå Skodje sogelag er i sin heilskap viggd temaet «Byfolk på landet».

Frå slutten av 1800-talet til 1950-åra var det vanleg at ålesundsfamiliar hadde sommarferie på gardar rundt om i grendene i Skodje. Fast båtrute mellom Skodje og Ålesund blei starta i 1894. Hotell og pensjonat voks fram langs Sjøvegen i rutebåten si glanstid.

Det blei også bygt feriekoloniar; ein for jenter og ein for gutter.

Jentekolonien er teken godt vare på av Skodje Lions, og fungerer i dag som kultursenter. «Tusenårsparken» rundt er godt opparbeidd og inneheld fleire kulturelement.



Etterkvart som dei økonomiske vilkåra blei betre både i by og land, blei det slutt på gardsferiane. Men relasjonar og tilhøyrslle var etablert, og byfolk bygde seg hytter i alle delar av kommunen vår. På 1970-talet var det etterkvart fleire ålesundrarar som busette seg fast i Skodje, ei utvikling som berre har skote fart dei siste åra.

Jentekolonien – no kulturbygg, regional verdi

3.3 Kulturminne i Skodje

I planen er vektlagt kulturminne og kulturmiljø som avspeglar Skodje kommune si historie. Det er uråd å garantere ei komplett liste, vedteken for all framtid. Det vil heller ikkje vere føremålstenleg, for det blir både nødvendig og ønskeleg å rullere planen. Nokre kulturminne vil kanskje få endra verneverdi, medan nye kulturminne vil kome til.

Kulturminne og kulturmiljø på lista «Kulturminne i Skodje kommune» er valt ut slik:

- Alle automatisk freda kulturminne vi har oversikt over.
- Alle vedtaksfreda/listeførte kulturminne.
- Alle kulturminne og –miljø regulert til bevaring.
- Alle kulturminne og –miljø tekne med i landsverneplanar for offentlege bygg og anlegg.
- Alle kulturminne og –miljø i Skodje kommune i forslag til «Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi i Møre og Romsdal».
- Eit utval kulturminne frå oppdatert SEKRAK-register der eit viktig kriterium har vore avklaring med grunneigar.
- Alle kulturminne som kom fram under gredemøta som var viktig del av høyringa av planen. Her kom også fram kulturminne frå perioden etter 1900.
- Forslag til kulturminne etter møte med Skodje sogelag.
- Kulturlandskap etter merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Utgangspunkt for verdivurdering:

K = Kunnskaps- og kjeldeverdi

O = Opplevingsverdi

B = Bruksverdi

F = Forsterkande, overbyggande føresetnader

Namn Alder

Vektning Status

K O B F Skildring

3.3.1. Glomset

Glomset bedehus	(1892)	1964	Lokal	K O B	Bygt på Aure i Sykkylven i 1892, flytta til Glomset i 1960)
Glomset skule		1887	Lokal	K O B	Ombygd og påbyggt i 1952
Glomsetsetra			Lokal	K O B	
Notanaustet			Lokal	K O B	Birger Blindheim er eigar
Honningdalsvågen			Lokal	K O B	
Steinbru			Lokal	K O B	
Øvrestølen			Lokal	K O B	
Heggebakksaga			Nasjonal	K O B F	
Nerstølen, Heggebakk			Lokal	K O B	
Heggebakksetra			Lokal	K O B	
Gudmundsetsetra			Lokal	K O B	
Vallesetra			Lokal	K O B	
Kyrkjestien Glomset-Flåte			Lokal	K O B	Endar i kyrkjesta på Flåte
Gamlevegen frå Valle mot					Kanskje til bruk som gang-/sykkelsti?
Rabbeskaret			Lokal	K O B	
Honningdals-osen			Lokal	K O	Borgarsete, utskiping av tømmer
Hengjeneset			Lokal	K	Løfte fram historia til Nothenget

3.3.2. Håhjem

Isanlegg v/Igletjønna	Til ca 1920?	Lokal	K O	Kai, demning, renner, spor av ishus
Gravrøyser	Bronse-, jernalder	Nasjonal	Autom. freda	K O
Gravminne	Bronse-, jernalder	Nasjonal	Autom. freda	K O

3.3.3. Valle

Valde bedehus	1974	Lokal	K O B	Det gamle bedehuset låg ved Vallegardane
Badehus, Flåte		Lokal	K	Er rive, men historia bør løftast fram

3.3.4. Svarta

Ferdighusproduksjon		Regional	K O	F Plass for lafting
Svortasetra		Lokal	K O B	
Kyrkjestien		Lokal	K O B	

3.3.5. Brusdal

Gamleskulen	1893	Lokal	K O	I privat eige
Brusdalssetra	Fram til 1900	Lokal	K O	Murar etter 3-4 hus
Murar etter to kvernhus		Lokal	K O	Ved elv, eigedom Dag Brusdal
Murar etter gammal sag	1600-talet	Lokal	K O	Ved Brusdalsvatnet
Saghus		Lokal	K O B	Intakt innhold, eigar Ingunn Sorte
Løe, Brusdalshjellen	Ca 1900	Lokal	K O	Grindløe med laftafjøs, eigar Blomvik
Bensinpumpe	Ca 1935	Lokal	K O	Levningar etter bensinstasjon, eigar Dag Brusdal
Sommarfjøsar		Lokal	K O	To stk, Brusdalshjellen og hos Dag Brusdal
Igletjønna		Lokal	K O	Aust for Brusdalssetra. Yrande liv kvar vår
«Firefeltsveg», Brusdal		Lokal	K O	Restar etter 4 vegar aust-vest, ulike tidsepoker

3.3.6. Utvikbygda

Mørkesetskulen	1922	Lokal	K B	I privat eige
Gravrøys	Bronse-, jernalder	Nasjonal	Autom. freda	K O
Geil på Mørkeset		Lokal	K O	
Geil i Utvika		Lokal	K O	
Sagtomt i Høyvika		Lokal	K O	Bruk med vasshjul til ut på 1950-talet
Hjulhus		Lokal	K O	Ovom garden til Hans Høyvik. Leiegrøft og mur
Fjellveg, gammal		Lokal	K O B	Høyvik mot Rødlandstua. Setring, torv, ferdsel
Vassrenne		Lokal	K O	Leie vatn til kvern
Dokummar		Lokal	K O	Magasin for «gjødsel», Høyvika og Mørkeset
Naust bygt i natursein		Lokal	K O B	To i Høyvika
Naust bygt i natursein		Lokal	K O B	Eitt i Høyvika
Naust bygt i natursein		Lokal	K O B	Eitt i Utvika
Restar etter sag/kvernhus		Lokal	K O	Ved turvegen, Kvernhusmyra
Mørkesetsetra		Lokal	K O	Setervoll 100 m ovanfor turvegen
Sommafjøs		Lokal	K O	To stk ved sjøen på Mørkeset
Sommafjøs		Lokal	K O	To stk i Utvika
Sommafjøs		Lokal	K O	Ein på Digernes, Kleiva
Kvernhus		Lokal	K O	Intakt, eigar Petter Digenes
Stein, vegminne	1881	Lokal	K O	Mellom Innvik og Utvik, vegalder inngravert
Stein, vegminne	1882	Lokal	K O	Digernes, vegalder inngravert
Haggardvegen		Lokal	K O B	Sti over Slettebakkleiva til Slettebakk
Gammal veg		Lokal	K O B	Over Utvikfjellet via Fjellplassen

Telegrafliner		Lokal	K O	Restar i utmarka
Dampskipskai, Utvika		Lokal	K O B	
Dampskipskai, Dyrøya		Lokal	K O	Få spor etter kaia no
Halvorsplassen, Dyrøya		Lokal	K O	Hus og fjøs i same bygg, berre restar no
Halvorsplassen, Dyrøya		Lokal	K O	Revefarm, berre restar no
Notanaust, Mørkeset		Lokal	K O	Rive, oppattsett inne i fjordane
Bålpllass vest for skulen		Lokal	K O	Brendehaugen, kunngjering når fisken kom
Revefarm, Vemøya		Lokal	K O	Berre restar no
Jamtholmen		Lokal	K O	Fredlause busette der på 1600-talet
Tunstad, Tuftene	Tidleg mellomalde	Nasjonal?	K O	Gammal tunstad nord på Tøssebro
Manuelkjelda		Lokal	K O	Juvågen, vasskjelde som aldri blir tørr
Slettebakkstø		Lokal	K O	Oppmurt stø i Evja
Ferdighusproduksjon		Lokal	K O	Plass for tømring, Digernes og Innvik

3.3.7. Stette

Rodestein, Steinset		Lokal	K O	
Stavsetskulen	1891	Regional	K O B F	
Stettesmia	1930	Regional	K O	Start på større industriverksem
Nautstrekke		Regional	K O B	
Gravminne	Bronse-, jernalder	Nasjonal	Autom. freda	Kjerringneset, Stavset
Gravminne	Bronse-, jernalder	Nasjonal	Autom. freda	Steinset
Stettesetra		Lokal		
Kvelvingsbru, Vadset		Lokal	K O B	Eitt brukar i Skodje, eitt i Haram
Kvelvingsbru, Stette		Lokal	K O B	Sør for Iøa til Geir Skodje
Gamlevegen Stette-Tennfj		Lokal	K O B	Vegen er intakt
Kyrkjevegen frå Stette		Lokal	K O	Til Ytreskodje
Postveg, Stavset		Lokal	K O	Vågavegen, fleire parti synleg
Dampskipskai, Stettevika	1900	Lokal	K O	
Dampskipskai, Stavset	1900	Lokal	K O	
Dampskipskai, Steinset	1900	Lokal	K O	
Husmurar, Kjerringneset		Lokal	K O	Første huset på Stavset
Murar etter sager/kvernhus		Lokal	K O	Oppetter Ådalselva, Stavset
Demmer, Ådalselva		Lokal	K O	Samle vatn til sag/kvernhus
Kol-/tjøremile, Stavset		Lokal	K O	Lokalisert ved Vågavegen ved h.vegen
«Jaktinnretningar» Stavset		Lokal	K	Ikkje spor/teikn etter innretningane
Rasmusløa, Opskar		Lokal	K O B	Gammal driftsbygning, eigar Jostein Opskar
Hjulhus		Lokal	K O	Intakte installasjonar, eigar Jostein Opskar
Urtehage, Koppargjerdet		Lokal	K O	Murar står att
Gangrås, Opskar		Lokal	K O	«Ukseskaret» over til Tennfjorden
Bombekrater, Stette		Lokal	K O	Frå 2. verdskrig. I hagen til Else K. Stenseth
Isdemme, Vemøya		Lokal	K O	Synlege murar
Sag med turbin, Steinset		Lokal	K O	Eigar Rolf Inge Valde

3.3.8. Straumen

Gravminne	Bronse-, jernalder	Nasjonal	Autom. freda	K O	Neset, Vemøya
Gravminne	Bronse-, jernalder	Nasjonal	Autom. freda	K O	Øyaneset, Vemøya
Skodjebruene	1922	Nasjonal	Vedtaksfreda	K O B F	

3.3.9. Engesetdal

Smørmeieri	1894-1919	Lokal	K O	Murane står att
Engeset skule	1958	Lokal	K O B	

Saghaugbrua		Regional	K O	
Kvernhus, Erstad		Lokal	K O	Ole Johan Erstad
Misjonshuset Engesetdal		Lokal	K O B	
Kvernhus-plass		Lokal	K O	Kvernsteinar ved elva på Storsætra
Lasshaugsetra		Lokal	K O B	
Ekrollsetra		Lokal	K O B	
Erstadsetra		Lokal	K O B	
Lille Engesetseter		Lokal	K O B	
Store Engesetseter		Lokal	K O B	
Minnestein	2009	Lokal	K O	Minne om falne under 2. verdskrig
Standplassar, skyting	Til 1970	Lokal	K O	Gjeld to standplassar sør for Saghaugbrua
Steinskive, blink		Lokal	K O	Står på skytebane, stod på Rabbelthaugen
Sommarfjøs gnr 67/3		Lokal	K O	50 m sør for Skarsvegen, vegkryss til Beite
Skytestilling, Allidkamben		Lokal	K O	For å felle bjørn
Røykstove, Reiten		Lokal	K O B	Gamlestova i Olmanngarden, Louis Giske
Gamlehuset, Erstad		Lokal	K O B	Eldste delen frå 1700-talet, Ole J. Erstad

3.3.10. Fylling

Fylling skule	1889	Lokal	K O B	
Haugstølen		Lokal	K O B	
Kvennabakken				
husmannsplass	1861	Regional	K O B F	
Brustein	1856	Lokal	K O	Viser "Fyllings bro, 1856"
Brunekyrkja	Mellomalder	Nasjonal	Autom freda	K O
Gamlesætra		Lokal	K O B	
Jørnstølen		Lokal	K O	
Nesjesætra		Lokal	K O B	
Kulturlandskap, Sollid		Lokal	K O B	Artsrik slåtteeng
Kulturlandskap, Nerlia		Lokal	K O B	Naturbeitemark, biologisk mangfald

3.3.11. Skodje

Gyteelva bru	1855	Regional	K O B	Hellebru
Bru i Grindvika		Lokal	K O B	Hellebru
Steinsetsetra		Lokal	K O B	
Skøyestølen		Lokal	K O B	
Bers-Ola-hjellen		Lokal	K O	Tjørehjell
Korsvegen		Regional	Reg til bevaring	K O B F
Sjøvegen og Wilhelmkaia	1894	Regional	K O B	
Trollkyrkja		Lokal	K O	Tysk forsvarsverk
Solnør gaard	Tidleg 1800	Nasjonal	Vedtaksfreda	K O B F Hovudbygning og stabbur
Vegvesenstasjonen		1958	Nasjonal	Landsverneplan K O B F Statens vegvesen
Solnør fornminne	Steinalder	Nasjonal	Autom freda	K O Steinalderbuplass
Skodje prestegard		Regional	K O B	
Skodje kyrkje		1860	Nasjonal	Listeført K O B F
Skodje kyrkjested		Mellomalder	Nasjonal	Autom freda K O B F
Jentekolonien		Tidleg 1900-talet	Regional	Reg til bevaring K O B F
Kornmagasinet			1820	Regional K O F
Gravrøys		Bronse-, jernalder	Nasjonal	Autom. freda K O Gomerrøysa
Gamle Vågsbru		1880-talet	Regional	K O B F
Fagerheim			1927	Regional K O B F Ungdomshus
Håhjemsstølen				Lokal K O B

Apalviksstølen	Lokal	K O B	
Grindvikssetra	Lokal	K O B	
Brautestølen	Lokal	K O B	
Gamle kommunehuset	Lokal	K O B F	
Minnestein, Solnør	Lokal	K O	Minne om Helge Qvale, fall under 2. verdskrig
Minnestein, Skodje kyrkje	Lokal	K O	Minne om tre som døydde i strid under 2. v.krig
Bauta, Jentekolonien	Lokal	K O	Generalmajor Herluf Nygård
Kvernhus, Grindvika	Lokal	K O	Skodje kommune er eigar
Urtehage, Koppargjerdet	Lokal	K O	Murar står att
Barkekær, Dragsundet	Lokal	K O	
Vågsbru ved tunnelen	Lokal	K O B	
Bru, Skodje sentrum	Lokal	K O B	Gamlevegen, Karlgarden
Hellebru, Skodje sentrum	Lokal	K O B	Gamlevegen v/Brattvåg Elektro
Notaholmen, Vikane	Lokal	K O	M.a. restar etter brygge
Steingard, Berget	Lokal	K O B	Mellom Berg og Otterlei
Steingardar, kommunen	Lokal	K O B	Bør alle vurderast som verneverdig?
Vasserkamma, Skodjefjell	Lokal	K O	Vasskjelde heilt til 1980-talet

3.4. Museum

Sjølv om lause gjenstandar ikkje er omfatta av denne planen, er det likevel på sin plass å peike på tre museum i kommunen vår:

Peder Fylling-museum på Fylling: Museet er i privat eige (Egil Fylling) og bygt opp på gardstunet for å dokumentere arbeidet til Peder Fylling. Det er mellom anna eit hus som inneheld skrifter og bøker etter Peder og andre, og eit hus med gamle gjenstander. Det er også reist minnestein over Peder Fylling ved museet.

Krigsminne-museum i Abelvika: Thom Abelvik har samla gjenstandar frå 2. verdskrig.

Stavset skulen: Skulen er uendra innvendig med inventar og utstyr, og framstår som autentisk skolemuseum.



Er det gamle kommunehuset frå 1955 eit aktuelt kulturminne av lokal verdi?

Del 2:

4. Handlingsprogram for kulturminnearbeidet i Skodje kommune 2015-2019

4.1. Hovudmål og resultatmål

4.1.1. Hovudmål

Kulturminne og kulturmiljø i Skodje kommune skal sikrast godt vern og ein god vedlikehaldssituasjon. Hovudfokus i tiltaksdelen i komande fireårsperiode vil vere samferdsleminne.

4.1.2. Resultatmål

- Årlege tap av freda og verneverdige kulturminne i Skodje kommune skal ikkje vere over 0,5 %
- Kulturminne og kulturmiljø i Skodje kommune skal sikrast godt vern etter plan- og bygningslova gjennom innarbeiding av omsynssoner i kommuneplanar og detaljplanar/reguleringsplanar med føresegner (regulere til bevaring).
- Eigarane av kulturminne/kulturmiljø skal hjelpast til motivasjon, evne og vilje til nødvendig istrandsetjing i samarbeid med lag/organisasjonar, kommune, fylkeskommune og kulturminnefondet.
- Kulturminne registrert i kulturminneplanen utan formell vernestatus skal vurderast særskilt og enkeltvis ved søknader om tiltak på objektet.



Vegvesenstasjonen i Dragsundet er kome med på Landsverneplanen, som er ei oversikt over verneverdige eigedommar i offentleg sektor. Landsverneplanene skal danne grunnlag for eventuell forskriftsfreding etter kulturminnelova.

4.2. Tiltak, generelle

4.2.1. Omsynssone

Bruke plan- og bygningslova ved neste rullering av arealdelen av kommuneplanen til å lage omsynssoner for alle kulturminne av regional og nasjonal verdi, og eit utval av kulturminne av lokal verdi.

4.2.2. Kart over kulturminna med koordinatar

Utarbeide kart med GPS-koordinatar slik kulturminne kan finnast i felten

4.2.3. Opprette dialog/kontakt med grunneigarar av private kulturminne/-miljø

Avklare gjennom dialog om det er ønske om hjelp til vern/forvaltning av kulturminne i privat eige, og om det er ønskeleg at kulturminna skal få vernestatus.

4.2.4. Verdivurdering, kriterium for utval - kompetansebygging

Få rettleiing frå fylkeskulturavdelinga til å bygge opp betre lokal kompetanse i å gjere verdivurdering som grunnlag for utveljing og prioritering av lokale kulturminne.

4.3. Tiltak, enkeltobjekt

4.3.1.

Namn: Dampsksipskaia, Skodje

Merknader: Offentleg kai

Kulturminnetype: Samferdselsminne

Vekting: Regional verdi

Datering: 1894

Tiltak: Skilt/infotavle, regulere til bevaring

Gjennomføringstidspunkt: 2016/17

Ansvar: Skodje kommune



4.3.2.

Namn: Skodjebruene, Skodje

Merknader: To bruar, tunnel

Kulturminnetype: Samferdselsminne

Vekting: Nasjonal verdi

Datering: 1922

Tiltak: Skilt/infotavle

Gjennomføringstidspunkt: 2015

Ansvar: Skodje kommune/MR
fylkeskommune/Statens vegvesen



4.3.3.

Namn: Gamle Vågsbru, Skodje

Merknader: Kvelvingsbru i naturstein

Kulturminnetype: Samferdselsminne

Vekting: Regional verdi

Datering: 1880-talet

Tiltak: Regulere til bevaring

Gjennomføringstidspunkt: 2015/16

Ansvar: Skodje kommune/MR
fylkeskommune



4.3.4.

Namn: Kvelvingsbru, Glomset

Merknader: Kvelvingsbru i naturstein

Kulturminnetype: Samferdselsminne

Vekting: Regional verdi

Datering:

Tiltak: Skilt/infotavle, regulere til bevaring

Avklate eigeforhold og tilstandsvurdering.

Gjennomføringstidspunkt: 2015/16

Ansvar: Skodje kommune/MR

fylkeskommune



4.3.5.

Namn: Saghaugbrua, Engesetdal

Merknader: Kvelvingsbru i naturstein

Kulturminnetype: Samferdslesminne

Vekting: Regional verdi

Datering: 1875

Tiltak: Skilt/infotavle, regulere til bevaring, tilstandsvurdering

Gjennomføringstidspunkt: 2015/16

Ansvar: Skodje kommune/MR

fylkeskommune



4.3.6.

Namn: Hellebru, Gytta, Skodje

Merknader: Hellebru i naturstein

Kulturminnetype: Samferdselsminne

Vekting: Regional verdi

Datering: 1856

Tiltak: Skilt/infotavle, regulere til bevaring, tilstandsvurdering

Gjennomføringstidspunkt: 2015/16

Ansvar: Skodje kommune



4.3.7.

Namn: Bru i Grindvika, Skodje

Merknader: Hellebru i naturstein

Kulturminnetype: Samferdselsminne

Vekting: Regional verdi

Datering:

Tiltak: Skilt/infotavle, regulere til bevaring

Gjennomføringstidspunkt: 2015/16

Ansvar: Skodje kommune



4.3.8.

Namn: Kyrkjestien, Glomset-Svorta
Merknader: Kyrkjesti
Kulturminnetype: Samferdselsminne
Vekting: Lokal verdi
Datering:
Tiltak: Skilt/infotavle, regulere til bevaring, rydding
Gjennomføringstidspunkt: 2015/16
Ansvar: Idrettslag på Valle og Glomset



4.3.9.

Namn: Brustein, Fylling
Merknader: Brustein, dokumenter alder på vegen
Kulturminnetype: Samferdselsminne
Vekting: Lokal verdi
Datering: 1856
Tiltak: Rydde rundt, reparere steinen, skilt/infotavle, regulere til bevaring.
Gjennomføringstidspunkt: 2015/16
Ansvar: Grunneigar/Skodje kommune



4.3.10.

Namn: Rodestone, Steinset
Merknader: Rodestone
Kulturminnetype: Samferdselsminne
Vekting: Lokal verdi
Datering:
Tiltak: Skilt/infotavle, regulere til bevaring
Gjennomføringstidspunkt: 2015/16
Ansvar: Skodje kommune



4.3.11.

Namn: Stavset skule, Stavset
Merknader: Skulehus
Kulturminnetype: Skulehistorie
Vekting: Regional verdi
Datering: 1891
Tiltak: Skilt/infotavle, regulere til bevaring, råd om bevaring og tilskotsordningar
Gjennomføringstidspunkt: 2015/17
Ansvar: Skodje kommune/MR fylkeskommune, Stavset grendelag, Skodje sogelag

4.3.12.

Namn: Solnør Gaard

Merknader: Hovudbygning og stabbur

Kulturminnetype: Lensmannsgard

Vekting: Nasjonal verdi

Datering: Tidleg 1800-talet

Tiltak: Råd om bevaring og tilskotsordningar, vedlikehald

Gjennomføringstidspunkt: 2015/17

Ansvar: Skodje kommune/MR

fylkeskommune/grunneigar



4.3.13.

Namn: Gravrøys, Håhjem

Merknader: Gravrøyser på Håhjem

Kulturminnetype: Gravminne

Vekting: Nasjonal verdi, automatisk freda

Datering: Bronsealder/steinalder

Tiltak: Informasjon, skilting

Gjennomføringstidspunkt: 2016/17

Ansvar: Skodje kommune/MR fylkeskommune



4.3.14

Namn: Gomerrøysa

Merknader: Gravrøys i Vikane

Kulturminnetype: Gravminne

Vekting: Nasjonal verdi, automatisk freda

Datering: Bronsealder/steinalder

Tiltak: Skilt/infotavle, regulere til bevaring

Gjennomføringstidspunkt: 2016/17

Ansvar: Skodje kommune/MR

fylkeskommune/Skodje sogelag



4.3.15

Namn: Kvennabakken husmannsplass

Merknad: Husmannstove og løetuft med kringliggende kulturlandskap

Kulturminnetype: Husmannsstove

Vekting: Regional verdi

Datering: Gjenreist/flytta til Fylling 1861.

Tidlegare stått i Kassneset og på Mørkeset

Tiltak: Sogelaget/grunneigar planlegg restaurering. Søknad til Kulturmindefondet sendt

Gjennomføring: 2015-18

Ansvar: Skodje sogelag og grunneigar



Del 3:

5. Oppslagsdel

5.1. Rammer for arbeidet

Lovverk

Kulturminnelova

Plan- og bygningslova

Lov om naturvern av 19. juni 1970

Overordna målsetjingar:

Den overordna kulturminneforvaltninga i Norge er lagt til Miljøverndepartementet.

St.mld 16 (2004-2005): Nasjonale mål på kulturminneområdet:

Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og tas vare på som bruksressurser og som grunnlag for kunnskap, opplevelse og verdiskaping. Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv.

Det årlige tapet av verneverdige kulturminner og kulturmiljøer som følge av at de fjernes, ødelegges eller forfaller, skal minimaliseres. Innen 2020 skal tapet ikke overstige 0,5 prosent årlig.

Fredete og fredningsverdige kulturminner og kulturmiljøer skal være sikret og ha ordinært vedlikeholdsnivå innen 2020.

Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige bredden i de varig vernete kulturminnene og kulturmiljøene skal bli bedre, og et representativt utvalg skal være fredet innen 2020.

Nasjonale planar som omfattar kulturminnevern:

NOU 2002: Fortid former framtid – Utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk.

St.meld.26 (2004 – 2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.

St.meld. 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner.

Prop. 1 S (2013–2014). Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) frå Klima- og miljødepartementet.

Regionale planar som omfattar kulturminnevern:

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016: Handlingsprogram for kultur 2013.

Plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal (Del av fylkesplan for kultur) – Planhefte 1

Plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal (Del av fylkesplan for kultur) – Planhefte 2

Plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal (Del av fylkesplan for kultur) – Planhefte 3

Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi (blir vedteken i løpet av 2014).

Kommunale planar som omfattar kulturminnevern:

Kommuneplan for Skodje 2007-2017

- Arealdelen og samfunnsdel

Andre viktige dokument og kjelder:

SEFRAK-registeret for Skodje

BARK – Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne

Askeladden: Den offisielle databasen over alle freda kulturminne og kulturmiljø i Norge.

5.2. Eksisterande register for kulturminne

Askeladden

Den offisielle databasen over alle freda kulturminne og kulturmiljø i Norge. Basen inneholder data fra tidlegare forminnregister, fredingsregister og kyrkjeregister.

Databasen er tilgjengeleg via internett for offentlig forvaltning og forskingsinstitusjonar.

Kulturminnesøk

Dette er ein utvida publikumsversjon av databasen Askeladden, og er tilgjengeleg for alle på internett. I Kulturminnesøk er det samla informasjon frå fleire databasar, og alle kan bidra med informasjon om kulturminne.

SEFRAK

Sefrak (forkortig for Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne) er eit landsdekkande register over alle bygningar og restar etter bygningar frå før år 1900. I samband med denne registreringa blei det gjort feltarbeid i alle kommunar i åra 1973 -1995. Dette er eit generelt kulturhistorisk register der det ikkje er gjort nokon vurderingar av verneverdi for dei einskilde objekta.

I samband med utarbeiding av denne kulturminneplanen er SEFRAK-registeret for Skodje kommune blitt oppdatert.

5.3. Kulturminne som ikkje er omfatta av denne planen:

Lause kulturminne og gjenstandar

Immaterielle kulturminne

5.4. Sentrale aktørar i kulturminnevernet

Miljøverndepartementet er øvste myndighet for kulturminnevernet i Noreg.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning. Han har mynde til å gjere vedtak om freding av bygningar, anlegg, område og miljø.

Fylkesmannen har forvaltningsansvar for mange verneområde med viktige kulturminne.

Fylkeskommunen har mynde etter kulturminnelova og plan- og bygningslova.

Kommunane er ikkje pålagt oppgåver etter Kulturminnelova ut over meldeplikta som gjeld ev. tiltak på bygningar frå før 1850. Men etter plan- og bygningslova har kommunane mynde til å sjå til at det blir teke kulturminnevernomsyn i kommuneplanar, reguleringsplanar og i handsaming av bygesaker.

Fylkeskonservator og riksantikvar er heilt avhengige av samarbeid med kommunen i arbeidet med sikring av kulturarven. I praksis bør kommunane ta på seg oppgåver inn kulturminnevern som utarbeiding av kulturminneplan, skjøtseloppgåver, ansvar ved registreringar, formidlingsopplegg og initiering av istandsetjingstiltak.

Kommunale plikter:

Kulturminnelova § 25. «*Meldeplikt for offentlige organer.*

De statlige, fylkeskommunale og kommunale organer som kommer i berøring med tiltak som omfattes av loven her, har plikt til å sende melding til departementet eller til vedkommende myndighet etter denne loven.

Kommunen plikter å sende søknad om riving eller vesentlig endring av ikke fredet byggverk eller anlegg oppført før 1850 til vedkommende myndighet senest fire uker før søknaden avgjøres. Vedtak om riving eller vesentlig endring av slike byggverk og anlegg skal umiddelbart sendes vedkommende myndighet, dersom denne myndigheten har uttalt seg mot riving eller vesentlig endring.»

Frivillede organisasjonar, t.d. sogelag, tek mange viktige initiativ med å dokumentere, informere om og inspirere til vern, restaurering og forvaltning av kulturminne.

Eigarane er til sjuande og sist den avgjerande faktoren om vi vil lykkast med kulturminnevern. Som regel er det ikkje mangel på medvit og forståing for føremålet som er utfordringa, men tilgangen på ressursar for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.

5.5. Korleis verne?

Det er tre sentrale verkemiddel i kulturminnevernet. Dette er

- Juridiske verkemiddel
- Økonomiske verkemiddel
- Rådgiving

Juridiske verkemiddel i kulturminnevernet

A. Lov om kulturminne

Lova fastset at alle kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda og gir heimel til vedtaksfreda yngre kulturminne og kulturmiljø. Fylkeskommunen har delegert mynde til å gjere vedtak om mellombels freding og gi dispensasjonar i høve til vedtaksfreda bygningar og anlegg.

B. Plan- og bygningslova

Som planmyndigkeit får kommunane ei sentral rolle i forvaltinga av kulturarven. Plan- og bygningslova gir heimel til å sette av areal til omsynssoner for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Lova har i § 31-1 heimel til å stille krav til bevaring av eksteriør på verneverdige bygningar og § 29-2 omhandlar visuelle kvalitetar i seg sjølv og i høve til omgivnadane. Fylkeskommunen si rolle i høve til slike saker er å vere fagleg rådgivar.

Rådgjeving

Fylkeskonservatoren har spesialkompetanse innan bygningsvern og kulturlandskapsskjøtsel. I tillegg har han nærleik og oversikt over lokale forhold, og gir råd til kommunar og tiltakshavarar.

Økonomiske verkemiddel

Er opplista m.a. i Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi s 23.

5.6. Vernebegrep i lovverket

Kva er freding og vern og korleis blir lovene brukt til å gjennomføre dette? Og kva betyr automatisk fredning og vedtaksfreding?

Det finst to hovedtypar freding:
freding ved lov (automatisk freding)
freding ved vedtak (vedtaksfreding)

I plan- og bygningslova blir vernestatus oppnådd gjennom regulering til omsynssone bevaring.

Automatisk fredning ved lov

Automatisk fredning betyr at angitte typar kulturminne er freda direkte i lovteksten (legalfreda), i motsetning til ved freding der særskilt vedtak er nødvendig.

Alle kulturminner som er frå før år 1537 (=Reformasjonen) bygningar, buplassar, vegfar, bautastader, gravhaugar m.m., - er automatisk freda etter kulturminnelova § 4 første ledd.

Slike automatisk freda kulturminne har også etter lova ei sikringssone på 5 meter rundt det freda objektet. Dette følgjer av kulturminnelova § 6.

Ved faglig datering (erklæring) om at stående byggverk stammar frå perioden 1537 – 1649, blir desse også automatisk freda etter kulturminnelova § 4 tredje ledd.

Vedtaksfreding

Freding av bygningar og anlegg

Eit vedtaksfredet objekt (bygning, anlegg,, bru, veg med meir) er et nyare etter-reformatorisk kulturminne som er freda ved vedtak etter bestemmelsene i kulturminnelova § 15 (byggverk og anlegg mm).

Freding av område rundt freda objekt

Rundt et vedtaksfreda kulturminne kan ein frede eit område for å verne verknaden av det freda enkeltobjektet.

Vedtak om freding blir då fatta med heimel i kulturminneloven § 19 (områder).

Freding av kulturmiljø

Det er også råd å frede heilskafelege kulturmiljø (f.eks ei rekkje av gamle historiske båtnaustr) som eit samla kulturmiljø. Slike fredingsvedtak blir fatta med heimel i kulturminnelova § 20 (kulturmiljø)

Forskriftsfredning

Freding av statens bygningar og anlegg kan skje ved forskrift med heimel i kulturminnelova § 22a. jfr § 15. Før freding kan iverksetjast, skal eigaren (statleg organ) komme med uttale til forslag om fredning.

Regulering til omsynssone bevaring

Mens freding etter kulturminnelov i første rekke blir brukt for å sikre kulturminne eller -miljø som er av vesentleg nasjonal verdi, kan regulering til omsynssone bevaring etter plan- og bygningslova brukast for å verne objekt og område som er verdfulle i eit lokalt og regionalt perspektiv.

Kommunene er reguleringsmyndighet. Overordna planbestemmelser om bevaring i kommunens arealplanlegging skal vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd boktav c) og § 11-9 nummer 7 (kommuneplanens arealdel). For den særskilte reguleringsplan med omsynssone bevaring er lovheimlane i plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nummer 5 og § 12-7 nummer 6.

Også interiører i verneverdighe bygningar kan nå regulerast til omsynssone bevaring.

Omsynssone bevaring etter plan- og bygningslova § 12-5 nr 5 er også det anbefalte reguleringsformålet for kulturminne som er freda. Formålet kan med fordel brukast også for å sikre omgivnadene omkring eit freda objekt. Utveljinga av det som skal regulerast til bevaring må gjerast

med bakgrunn i ei faglig grunngjeving. Reguleringsplanen bør derfor utformast i samråd med regional kulturminneforvaltning (=kulturminneforvaltningen i fylkeskommunen).

5.7. Verdisetting av kulturminne og kulturmiljø

Kjelde: Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi, Møre og Romsdal, vedlegg 1 s 6-9:

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd. Ikkje alle kulturminne er verneverdige.

Ved ei vernevurdering må vi få fram kva element verneverdien er samansett av.

Følgjande kriterium er brukte:

Kunnskaps- og kjeldeverdi (objektiv verdi)

Kva for kunnskap kan kulturminnet gje oss? Det dreier seg om målbare og objektive eigenskapar knytt til kulturminnet sin funksjon, eksistensgrunnlag og historie som t.d. bygningshistorisk verdi, næringshistorisk verdi, levekårhistorisk verdi.

Opplevingsverdi (subjektiv verdi)

Kva for opplevingar kan kulturminnet gi oss? Opplevingsverdien knyttar seg til kva folk flest eller ulike grupper, opplever. Opplevingsverdien kan også splittast opp i fleire element som til dømes arkitektonisk verdi, alderspreg, symbolverdi, miljøskapande verdi, identitetsskapande verdi, kjensleverdi.

Forsterkande, overbyggande føresetnader

Slike forsterkande, overbyggande føresetnader kan nyttast til å vurdere i kva grad kulturminnet er eigna til å formidle dei aktuelle verdiane knytt til kunnskapsverdi og opplevingsverdi. Det er snakk om føresetnader som styrkar eller svekkar dei ovanfor nemnte verdiane som autentisitet, opphavlegheit, alder, kontinuitet og sjeldanheit. Ved samanlikning av fleire kulturminne sin verneverdi kan disse overbyggande føresetnadane nyttast til å vekte/gradere dei kulturminnefaglege vernekriteria.

Bruksverdi

Kva kan kulturminnet brukast til?

Freding er vern gjennom bruk, og i seinare tid har kulturminne som ein bruksressurs kome meir og meir i fokus.

5.8. Kjelder

Kvar finn vi skriven informasjon om fortida?

Bevaringsverdige kulturminne eller kulturmiljø har anten kunnskapsverdi, opplevingsverdi eller bruksverdi, eller aller helst – ein kombinasjon av desse. Ofte er det derfor ikkje nok berre med synlege spor av menneskeleg aktivitet. Det må vere historier knytt til desse kulturminna.

I forordet til Bygdebok for Skodje, utgitt i 1961, står det m.a.:

«I mange bygder og byar i landet vårt har sansen for folk og tilhøve i farne tider vakna etter kvart. Ein har vorte merksam på at dei mange og store omskifte på dei ulike område ville øyde mykje av det gamle og tradisjonsbundne. For å råde bot med dette gjekk ein i gang med å skrive bøker om folket og deira levemåte i gamal tid.»

Alt så tidleg som framfor høgtidinga av formannskapslovene 1937-38 var ei nemnd vald av heradsstyret til arbeidet. Dessverre døydde fleire av nemndsmedlemmene i løpet av få år, og ny nemnd blei valt i 1950. Ludvik Fylling skulle vere skrivar og samle inn bilete og stoff til boka.

Bygdeboka for Skodje blei utgitt i 1961, har ei tematisert oppbygging, og er ei rik kjelde til kunnskap om ånds- og arbeidsliv frå gamal tid og fram til 1960.

Sidan skipinga i 1973 har vi i Skodje hatt eit aktivt sogelag, som med nokre opphold, særleg på 1980-talet, har gitt ut årlege årsmeldingar/årsskrift fram til i dag.

I desse årsskrifta blir ymse i skodjehistoria dokumentert.

Om det var nokre års opphold på 1980-talet i utgjeving av årsskrift, betydde ikkje det lav aktivitet i sogelaget.

I denne perioden blei eit viktig verk utarbeidd: Bygdebok for Skodje, gards- og ættesoge band 1 og 2, ført i pennen av Louis Giske, men med Skodje sogelag som oppdragsgivar og utgivar. Verket blei trykt i 1986.

Samtidig blei også Stadnamn i Skodje kommune utgitt. Skodje og Ørskog Mållag tok initiativ til namneinnsamling i kvar kommune for seg, og Lars Ørjasæter leidde arbeidet med innsamling og redigering. Han hadde med seg mange lokalkjende innsamlarar, og stadnamnboka var ferdigtrykt i 1987.

Per Fett (1944) har gjennom materiale frå både Nicolaysen (1868, 1873, 1875, 1876) og Fylling (1859, 1886) den mest omfattande gjennomgangen av dei eldste kulturminna i Skodje.

Økonomisk kartverk gjennomførte på 1970- og 80-talet ein storstilt gjennomgang av alle automatisk freda kulturminne og Per Fett var grunnlagsmateriale i mange av kommunane i Møre og Romsdal.

Av andre skrivne kjelder vi kan gå til for å gjere oss kjend med vår lokale historie, kan nemnast:

Hans Strøm: «Beskrivelser over Fogderiet Søndmør», utgitt 1766

Amund Helland: Romsdals Amt, 1909

Peder Fylling: Ulike skrifter, m.a. «Om fund af Oldsager i Skodje Sogn», 1882

Kyrkjebøker

Jordebøker

Folketeljingar

Skattelister

Stadnamarkivet

5.9. Tema i Årsskrifta frå sogelaget

År	Tema/innhold
1974	Orientering om etablering av Skodje sogelag i 1973 Teikning av korleis ein trur Brune Kyrkje var bygd Planar om utgjeving av Gards- og ættesoge i Skodje kommune
1975	Sokneprest Søren Steen Sivert Flaate, med m.a. stemninga i 1814 Utvandring Ein tusenårsfest på Skodje Straumsbrua
1976	Gamle ferdslevegar over Engesetdalsfjella Odelsgardar, manntalslister, skatt mm frå gamal tid Usemjø om grense; Engeset m.fl. og Fylling Krig og uår 1600-1813 Handelssteder Skodje bygdemagasin
1977	Husmannsfolk, register og kart over husmannsplassar
1978	Skogen og sagbruksdrift

	Ferdslevegar Attåtnæring, handverk mm. Sildenotlag
1979	Fyllingsbygda Kremmerhandel Kart over Indre og Nedre Skodje 1860 Busetjing på skodjegardane før utskiftinga Lille Fylling Om slakt og omsetnad frå 1890-åra og framover
1980	Folketilflytting og utvandring Endring i pengeverdi Om Solnør gard Husmannsfolk Bryllup Om tre lærarar: Gunnar Valde, Knut Ytreberg og Severin Ytreberg
1981	Om den første busetnaden og folketeljing i Skodje Bygging av grendeskular Et bygdesentrum blir til
1989	Skulehistorie
1993	Krigsminne
1995	Historisk årbok frå Skodjebygda 1924-1931 Telefonen i Skodje
1996	Losje Gomer Hendingar frå aprildagane 1940 Fredsmarkeringa 1995
1997	Byfolk på landet
1998	Sætrar i Skodje
1999	Skodje hagebruksskule Krigsminne Sjukdom før og no D/S Ternen
2000	Glomset notlag Bygdevandring på Glomset
2001	Bauta over Herluf Nygård
2002	Beretning om folkeskolen i Skodje
2003	Misjonssambandet i 100 år Bers-Ola-Hjellen
2004	Jenteforeininga Vårsol Bygdemagasinet Barndomsminne frå Sorte skulekrins først på 1900-talet
2005	Fredsmarkering Kyrkjhistorie; altertavla, gapestokk Dampbåten «Ternen» Langskipsoya Ivar Aasen på Solnør
2006	Kyrkjhistorie – ulike tema Brevhus i Skodje Tysklandsbrigaden Mørkeset i tidlegare tider Folkeskulen på Skodje 1872-73
2007	Sildekassa Broanleggget ved Skodjestømmen – frå 1919 (med bilde og tekst)

2008	Røde Kors Flytting av Svorta skule frå Flåte til Valle
2009	Skodje kyrkje 1860-2010
2010	Industri i Skodje
2011	Bygdevandring på Solnør og Stavset Div. rundt handverk og industri
2012	Industri Husmannsplassar
2013	Sterke kvinner frå Skodje Korleis var det å vekse opp før

5.10. Ord og omgrep

Arkeologisk kulturminne Automatisk freda kulturminne frå tida før 1537.

Askeladden Den offisielle databasen over alle freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg, i tillegg til listeførte kyrkje. Eigg og drifta av Riksantikvaren.

Databasen er tilgjengeleg for offentleg forvaltning.

Automatisk freda kulturminne Synlege og ikkje synlege arkeologiske kulturminne eldre enn 1537, erklærte ståande byggverk frå perioden 1537-1650, samiske kulturminne eldre enn 100 år og skipsfunn eldre enn 100 år.

Bevaringsverdig Kulturminne / kulturmiljø som oppfyller fleire kriteriar for vern og dermed bør bevarast på ein eller annan måte. Brukt synonymt med verneverdig.

Faste kulturminne Kulturminne som er fysisk forankra til grunnen.

Fornminne Var mellom 1951 og 1992 nemning på automatisk freda kulturminne frå tida før 1537.

Forskriftsfreda Byggverk, anlegg og område i statens eige som er freda ved å vedta forskrift om fredning, iht kml § 22 a.

Freda Verna gjennom særlover som bl.a. kulturminnelova og naturvernlova.

Immaterielle kulturminne Ikkje-materielle kulturminne, som f.eks. musikk, eventyr, stadsnamn.

Konservere Ta vare på så mykje som muleg av bygningens historiske verdi og kjeldeverdi

Kriterium – kriterier Kjenneteikn, bedømmelsesgrunnlag. Brukt i kulturminnesammenheng ved grunngjeving og vurdering av verneverdi.

Kulturarv Famnar eit brent spekter av materiell og immateriell arv frå tidligare tider. Er i denne planen brukt om faste kulturminne i det fysiske miljøet.

Kulturlandskap Et kulturlandskap, forma av samspelet mellom naturgrunnlaget og menneskeleg verksemd. Kulturlandskapet speglar naturvilkår, samfunnsforhold og historie. Det har vore mest vanleg å bruke omgrepet i tilknytning til landbruk.

Kulturmiljø «Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng » (Kml § 2). Kulturmiljø blir brukt både om kulturlandskap med gardsanlegg og andre kulturminne, og om bygningsmiljø, tettstader og byområde.

Kulturminne «Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til» (Kml § 2). Definisjonen omfattar alt som er skapt av menneske, frå dei første helleristningane og buplassene til dei nyaste byggverka. Ordet kulturminne åleine seier ikkje noko om kor verdfullt eit kulturminne er.

Kulturminneforvaltning Det offentlige kulturminnevernet.

Kulturminnevern Betegnelse på all aktivitet som har til hensikt å verne kulturminner.

Kulturminnevern er en del av det overgripende miljøvernet.

Kulturvern Vern av immaterielle og materielle overleveringar om levesett, kultur og historie.

Løaue kulturminner Kulturminne som ikkje er forankra til grunnen, som f.eks. gjenstandar og reiskapar.

Nyere tids kulturminne Kulturminne frå tida etter reformasjonen i 1537 og fram til i dag.

Regional kulturminneforvaltning

Fylkeskommunen er regional kulturminneforvaltning. Fylkeskommunen har delegert mynde frå Riksantikvaren for delar av kulturminnelovens bestemmelser, og er då regional kulturminnemynde.

Restaurere Tilbakeføre ein bygning slik at den framstår slik den truleg såg ut tidlegare eller opprinneleg. Bygningen kan bli endra vesentleg under arbeidet.

SEFRÅK-registeret Landsdekkande register for faste kulturminne yngre enn 1537 og eldre enn

1900. Inneheld ingen vurdering av verneverdi. Det elektroniske SEFRAK-registeret er kobla saman med bygningsdelen i Statens kartverks egedomsregister GAB, som er tilgjengeleg for kommunane.

Vedtaksfreda Byggverk, anlegg og område som er freda ved vedtak etter kml §§ 15, 19 eller 20.

Vern Arbeid for å ta vare på kulturminne formelt eller praktisk. Blir brukt synonymt med bevaring.

Verneverdig Blir brukt om kulturminne og kulturmiljø som bør bevarast på ein eller annan måte. Nemninga i seg sjølv gir ikkje noko formelt vern og seier ingenting om korleis kulturminnet eller kulturmiljøet bør vernast.



Stabburet på Solnør er vedtaksfreda som kulturminne av nasjonal verdi